



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.03.2016
Vår ref.: 2016/1173-2
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Museumsplanmidlar 2016

Vedlagt er vedtak i Fylkestinget 9. mars i år om museumsplanmidlane for 2016.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2016/1173-1
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Museumsplanmidlar 2016

Samandrag

I budsjettet for 2016 er det løyvd 2 mill. kr til oppfølging av tiltak i museumsplanen. Med *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* er *Regional plan for museum 2011-2015 "Musea i samfunnet"* i 2015 no ført vidare gjennom Innsatsområde 16 Museumsløft. Museumsplanen og oppfølginga i Kulturplanen vart til i dialog og samarbeid med aktuelle aktørar. Museumssatsing gjennom dei ti konsoliderte musea i fylket er eit viktig politikkområde for Hordaland fylkeskommune. Målet er å styrke musea gjennom deira hovudarbeidsområde forvaltning, forskning, formidling og fornying. Dette er i samsvar med den nasjonale politikken.

Museumsplanmidlar er eit verkemiddel for å løfte satsingar og utfordringar som er for omfattande for det ein skilde museum å løyse i sine budsjett, eller satsingar som føreset innsats frå fleire museum. I forminga av den regionale museumspolitikken har fylkeskommunen hatt merksemd på fellestiltak som bidrar til gode, langsiktige løysingar. Fylkestinget har løyvd midlar til oppfølging av museumsplanen sidan 2012. Denne saka har statusrapport for handlingsprogrammet for 2015 som vedlegg. Det vert lagt fram eiga sak om bruk av museumsplanmidlar for åra 2012-2015 samla for fylkestinget før sommaren.

Gjennom ei aktiv oppfølging av museumsplanen med museumsplanmidlar har ein fått gode resultat. Samlingsforvaltning har vore eit særleg prioritert område, synleg i "*Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020*", presentert i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 181/2015. Det er fleire utfordringar knytt til Hordaland sin kulturarv. Ei utfordring er når bedrifter og offentleg sektor er i omstilling. Ei anna utfordring er forsvarleg bevaring av gjenstandane i magasin. Ei tredje utfordring er å sikre at Hordaland si historie er godt representert i samlingane. I samlingsplanen er eit tiltak etablering av eit Samlingsråd. Tanken er mellom anna at ei museumsgruppe saman med ein representant frå Fylkeskonservatoren kan få gjennomført dokumentasjonsoppdrag når kulturarven er under press. I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag om at 100 000 kr av museumsplanmidlane for 2016 vert løyvd til slike dokumentasjonsoppdrag.

Utviding og utvikling av Bevaringstenestene, fellestenestene for musea i Hordaland innan konservering og fellesmagasin, er ei satsing. Arbeidet med utgreiing av nytt fellesmagasin vert leia av Bevaringstenestene. Ei arbeidsgruppe har kome med forslag om alternativ og korleis ein kan arbeide vidare med denne saka. Fylkesrådmannen ser det som viktig at prosess og arbeid vidare med fellesmagasin vert handsama i eiga sak.

Styrking av krigs- okkupasjons- og forsvarshistorie gjennom konsolidering mellom Museum Vest og Bjørn West-museet har lenge vore eit prioritert tiltak. Saka vart handsama i fylkestinget PS 65/2015, 13. oktober, der fylkestinget uttrykte seg positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West

og stiftinga Museum Vest. Ei konsolidering føreset auka driftstilskot til Museum Vest. I budsjettforslaget frå fylkesrådmannen står det om konsolideringa "Fylkesrådmannen vil kome attende til Espeland fangeleir og Bjørn West i samband med behandlinga av handlingsprogrammet til museumsplanen". Dette er for 2016 mogleg gjennom museumsplanmidlane. Museet får då føreseielege rammar i arbeidet med samordning og etablering av fellesløyningar, samstundes som ein må arbeide for ei styrking av krigs- okkupasjons- og forsvarshistoria i Hordaland gjennom driftsbudsjettet til Museum Vest. Espeland fangeleir fekk tildelt 300 000 kr frå Fylkestinget i budsjetthandsaminga i sak 95/2015, møte 8. desember. Espeland fangeleir vert såleis ikkje omfatta av handlingsprogrammet for museumsplanen for 2016.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om at 1,7 mill. kr. av museumsplanmidlane går til tilskotsordninga "Museumsløft 2016" som er bygd opp rundt innsatsområde 16 Museumsløft i Kulturplanen. Retningslinene for ei slik tilskotsordning vert lagt fram i denne saka. Dei er i samsvar med retningsliner utarbeida for andre tilskotsordningar under Kultur- og idrettsavdelinga. Dette gjer det mogleg for musea å synleggjere sine behov, samstundes som dei må samarbeide om prosjekt som kjem fleire museum til gode.

Forslag til innstilling

Denne saka inneheld forslag om følgjande fordeling av museumsplanmidlane, 2 mill. kr:

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i Utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i

eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

Nils Marton Aadland (H) og **Kari Foseid Aakre (A)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styreleiar og nestleiar i Museumssenteret i Hordaland. Aadland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkestinget vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland og Kari Foseid Aakre var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Aud Karin Oen (SV) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Museum Vest. Oen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aud Karin Oen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Tor André Ljosland (KrF) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styremedlem i Kode. Ljosland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Tor André Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Nils Marton Aadland, Kari Foseid Aakre og Aud Karin Oen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til

Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.02.2016

Hordaland fylkeskommune si museumssatsing kjem til uttrykk i *Regional plan for museum 2011-2015. Musea i samfunnet* som no er tatt opp i *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025*. Den regionale museumspolitikken er retta mot dei ti konsoliderte museumseiningane i fylket: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE - Kunstmuseene i Bergen Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Olav H. Hauge-senteret og Sunnhordland museum. Til saman forvaltar dei om lag 700 000 kunst- og kulturhistoriske gjenstandar og fotografi. Dei har eit årleg samla publikumstal på rundt 650 000.

Dei økonomiske utfordringane til sektoren er stor, og museumsplanmidlane er eit viktig bidrag for å løfte satsingar innan arbeidsområda forvaltning, formidling, forskning og fornying. Midlane vert mellom anna nytta til tiltak som er for omfattande for det einskilde museum og som skal gi stordriftfordelar. Fellestiltak er såleis viktig og har vore satsing innan mellom anna samlingsforvaltning. Samstundes er det viktig å gi løft til det einskilde museum som har gode utstillingsprosjekt og liknande. «Musea i samfunnet» handlar mellom anna om at musea er aktive og synlege i samfunnsdebatten. Her er forskning og nyskapande formidling viktig.

Fylkestinget handsama i PS 20/2015 fordeling av museumsplanmidlane for 2015. I vedtakspunkt 3 står det: "Endeleg statusrapport for museumsplanmidlane åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016". Statusrapport for bruk av museumsplanmidlar 2012-2015 vert lagt fram for fylkestinget i juni. Der vil ein kome nærare inn på fellessatsingar og måloppnåing på dei einskilde arbeidsområda. Denne saka har statusrapport for 2015 som vedlegg.

Innsatsområde 16 Museumsløft i Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025

Regional plan for museum 2011-2015. Musea i samfunnet var ein omfattande plan med 46 tiltak. I rullering av handlingsprogrammet i 2014 vart talet redusert til 37. Dette hadde dels samanheng med at fleire tiltak var overlappande, eller at det ikkje var realistisk å gjennomføre dei i løpet av planperioden. Året 2016 er første året museumsplanmidlane er knytt opp mot Kulturplanen og *innsatsområde 16 Museumsløft*. Hovudtema i museumsplanen er ført vidare i denne. Immateriell kulturarv, industri, kunst og kystkultur er tema som skal løftast for å få fram særtrekk i Hordaland si historie. «Musea i samfunnet», det å tydeleggjere musea sitt samfunnsoppdrag, er den raude tråden i regional museumspolitik. Hovudsatsingar er fellestenester og felles løft innan arbeidsområda forvaltning, forskning, formidling og fornying.

Innsatsområde 16 Museumsløft inneheld følgjande tiltak:

Tiltak A, Styrke musea i høve drift og investeringar

Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Tiltak C, Utarbeide fellestøysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015

Tiltak D, Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning.

Tiltak E, Evaluering av museumsreforma i Hordaland

Tiltak F, Etablere faste samarbeidsordningar mellom musea og skulane

Til tiltak E, Evaluering av museumsreforma i Hordaland, vart det løyvd 400 000 kr av museumsplanmidlane for 2015, sjå PS 20/2015. Tiltaket vert gjennomført innan hausten 2016. For tiltak F, Etablering av faste samarbeidsordningar mellom musea og skulane viser ein særleg til arbeidet med den kulturelle skulesekken. Her er det søknadsfrist om hausten. Musea har fått god informasjon om ordninga og moglegheitene som ligg i denne for samarbeid.

Samlingsforvaltning og fellesmagasin

Fellestenestene for musea i Hordaland, Bevaringstenestene, har hatt ansvar for koordinering av arbeidet med felles samlingsplan for musea i Hordaland. Planen vart lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling 11. november 2015, sak PS 181/15. Utvalet la vekt på at samlingsplanen var eit nybrottsarbeid og eit viktig løft for museumspolitikken i Hordaland, og at samhandlingsarbeidet innan samlingsforvaltning må førast vidare.

Arbeidet har vore eit pilotprosjekt for musea i Hordaland – gjennom eit felles prosjekt har musea tenkt samhandling om korleis ein kan få til ei tematisk ansvarsfordeling, slik at Hordaland si historie vert godt og meir heilskapleg representert i samlingane. Samlingsplanen har sett i gong prosessar for ei betre og meir oversiktleig samlingsplanlegging. I tillegg til planen og forslag til korleis ein skal arbeide vidare, er eit viktig resultat at musea har fått ein felles arena for diskusjon av spørsmål knytt til samlingane sine.

Det er fleire utfordringar knytt til Hordaland sin kulturarv. Ei utfordring er når bedrifter og offentleg sektor er i omstilling. Ei anna utfordring er forsvarleg bevaring av gjenstandane i magasin. Ei tredje utfordring er å sikre at Hordaland si historie er godt representert i samlingane. I samlingsplanen er eit tiltak etablering av eit Samlingsråd. Tanken er mellom anna at ei museumsgruppe saman med ein representant frå Fylkeskonservatoren kan få gjennomført dokumentasjonsoppdrag når kulturarven er under press. Samlingsplanen for musea markerer første fase i musea sitt arbeid med samarbeid. Dette er eit prioritert område i dei kommande åra, synleg i *tiltak D Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning*.

I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag om at 100 000 kr av museumsplanmidlane for 2016 vert løyvd til slike dokumentasjonsoppdrag.

Arbeidet med utgreiing av nytt fellesmagasin vert leia av Bevaringstenestene. *Tiltak C, utarbeide fellesløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi*, omfattar dette området. Ei arbeidsgruppe har i ein rapport kome med forslag om alternativ og korleis ein kan arbeide vidare med denne saka. Det er viktig at arbeidet og prosessen har god politisk forankring.

Fylkesrådmannen rår til at rapporten om nytt fellesmagasin vert handsama i eiga sak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Oppfølging av konsolidering Bjørn West-museet og Museum Vest

Styrking av krigs- okkupasjons- og forsvarshistorie gjennom konsolidering mellom Museum Vest og Bjørn West-museet har vore eit prioritert tiltak. Saka vart handsama i fylkestinget PS 65/2015, 13. oktober, der fylkestinget uttrykte seg positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West og stiftinga Museum Vest. I vedtakspunkt tre om økonomi heiter det: "Fylkestinget tek til etterretning at ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, men at ein må kome attende med eventuell løyving i samband med budsjetthandsaminga." I budsjettforslaget frå fylkesrådmannen står det om konsolideringa "Fylkesrådmannen vil kome attende til Espeland fangeleir og Bjørn West i samband med behandlinga av handlingsprogrammet til museumsplanen". Som gjort greie for i saka til Fylkestinget i oktober 2015, føreset ei konsolidering auka driftstilskot til Museum Vest. Slik Fylkesrådmannen ser det, er dette for 2016 mogleg gjennom museumsplanmidlane. Museet får då føreseielege rammer i arbeidet med samordning og etablering av fellesløysingar, samstundes som ein må arbeide for ei styrking av krigs- okkupasjons- og forsvarshistoria i Hordaland gjennom driftsbudsjettet til Museum Vest. For budsjettperioden 2016-2018 har Museum Vest søkt om 200 000 kr. årleg til konsolideringa.

Espeland fangeleir fekk tildelt 300 000 kr frå Fylkestinget i budsjetthandsaminga i møte 8. desember, sak PS 95/15 Årsbudsjett 2016, og vert såleis ikkje omfatta av handlingsprogrammet for museumsplanen for 2016.

I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag om at 200 000 kr av museumsplanmidlane for 2016 går til Museum Vest med konsolidering av Bjørn West-museet.

Tilskotsordninga "Museumsløft 2016"

Fylkesrådmannen foreslår at 1,7 mill. kr. av museumsplanmidlane for 2016 går til tilskotsordninga "Museumsløft 2016" som er bygd opp rundt innsatsområde 16 Museumsløft i Kulturplanen.

Retningslinene for ei slik tilskotsordning vert lagt fram i denne saka. Dei er i samsvar med retningsliner utarbeida for andre tilskotsordningar under Kultur- og idrettsavdelinga. Dette gjer det mogleg for musea å synleggjere sine behov, samstundes som dei må samarbeide om prosjekt som kjem fleire museum til gode. Musea i Hordaland har gjennom statleg eingongsløyving fått omstillingsmidlar som skal gå til vedlikehald av bygningsmasse. Det vert viktig å sjå korleis museumsplanmidlane kan sjåast i samanheng med desse tiltaka for å få størst mogleg effekt. Til dømes om tidlegare utfordringar/hindringar no kan løysast, og dermed danne grunnlag for fleire eller nye formidlingsprosjekt og utstillingar. Dette vert mogleg å synleggjere gjennom søknader til tilskotsordninga "Museumsløft 2016". Museumsplanmidlar 2016 skal gå til gode prosjekt som kan løyse utfordringar på kort eller lengre sikt innan innsatsområde 16 Museumsløft.

Retningslinjer for tilskotsordninga "Museumsløft 2016"

Føremål

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Kven kan søkje

Dei ti konsoliderte museumseiningane Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE - Kunstmuseene i Bergen, Museumsenteret i Hordaland, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Olav H. Hauge-senteret, Sunnhordland museum.

Kva kan støttast

Søknader knytt til Kulturplanen sitt innsatsområde 16 Museumsløft med følgjande tiltak:

Tiltak A, Styrkje musea i høve drift og investeringar

Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Tiltak C, Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015.

Tiltak D, Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad/skjønsutøvinga, i uprioritert rekkefølge:

1. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
2. Kvalitet på tiltaket
3. Museet som samfunnsaktør
4. Fokus på fornying
5. I kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte musea.

Søknaden må innehalde prosjektoptale med god skildring av tiltaket og bakgrunn for søknaden. Den skal knytast opp mot hovudinnhaldet i *Regional plan for museum 2011-2015* med vekt på musea som samfunnsaktør og ein eller fleire av dei fire f-ane forvaltning, forskning, formidling og fornying. Budsjett skal leggjast ved. Det skal opplysast om gjennomføringsperiode. Det skal opplysast om kva for tiltak under innsatsområde 16 Museumsløft tiltaket fell inn under.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport.

Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.

Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Hordaland fylkeskommune. Alle søknader er offentlege.

Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som avvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjevast. Utvalet har møte ein gong i månaden.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Dei som får tilskot til publikasjonar skal levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no merka "museumsløft 2016. Klage."

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltingslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.